

Saksframlegg

Saksbehandlar: Eva Solhaug Fosshagen, Samferdsleavdelinga
Sak nr.: 18/2135-2

Søknad om ruteløyve Lærdal – Frønningen – Gudvangen - Flåm, Lustrabaatane AS

Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:

Lustrabaatane AS får tildelt ruteløyve på strekninga Lærdal - Frønningen - Gudvangen - Flåm på følgjande vilkår:

- a) Ruteløyvet gjeld i 10 år frå 01.05.18 til 30.04.28.
- b) Ruta skal gå i perioden 01.05 – 30.09.
- c) Krav til god vandel og tilfredsstillande økonomisk evne skal vere oppfylt i samsvar med til ei kvar tid gjeldande regelverk.
- d) Rettkjend kopi av ruteløyvet skal oppbevarast i fartøyet og visast fram ved ein eventuell kontroll.
- e) Fartøyet som vert nytta i rutedrifta skal til ei kvar tid fylle gjeldande vilkår stilt av sjøfartsstyresmaktene.
- f) Endring i rutetidene skal godkjennast av samferdsleavdelinga.
- g) Det må ligge føre skriftleg avtale mellom Lustrabaatane AS og eigar av dei ulike kaiane på dei klokkesletta det vert søkt om ruteløyve.

Vedlegg:

Søknad frå Lustrabaatane

Andre relevante dokument i saka:

Yrkestransportlova

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Lustrabaatane AS søker om ruteløyve på strekninga Lærdal – Frønningen – Gudvangen – Flåm.

2. Søknaden

Lustrabaatane AS søker om å få gå rundturen Lærdal – Frønningen – Gudvangen – Flåm, med ein tur dagleg i perioden 01.05 – 30.09. Dei skal gå etter følgjande oppsett:

- Frå Lærdal kl. 08:00, via Frønningen og Gudvangen, til Flåm kl. 12:45
- Frå Flåm kl. 13:00, via Gudvangen og Frønningen, til Lærdal kl. 18:00

Selskapet skal nytte MF Lustrafjord LADZ, som er ei bilførande ferje med plass til 244 passasjerar og 21 bilar.

Andre opplysningar

Havnevesenet i Aurland har bekrefta at Lustrabaatane AS disponerer kai i høvesvis Flåm og Gudvangen i dei aktuelle tidsromma.

Statens vegvesen har gjeve Lustrabaatane AS løyve til å nytte ferjekaibrua i Lærdal, samt nattligge dersom kaia er ledig.

3. Vurdering

Det er ikkje andre operatørar som går denne strekninga. Fjord2 går strekninga Kaupanger – Gudvangen.

Hovudutval for samferdsle har ikkje sett eit øvre tak for kor mange ruteløyve som kan delast ut når det gjeld kommersielle ruter på strekninga Flåm – Gudvangen. Difor må alle som tilfredsstiller krava i yrkestransportlova få tildelt ruteløyve på denne strekninga. Lustrabaatane AS har eit ruteløyve på denne strekninga frå tidlegare.

4. Yrkestransportlova

I yrkestransportlova § 7 punkt 1, står det at den som mot vederlag vil drive persontransport i rute med luftputefartøy, eller anna fartøy over 8 meter lengde tilsvarande 4 bruttotonn må ha ruteløyve.

Utover dei generelle vilkåra om god vandel og tilfredsstillande økonomisk evne fastsett i yrkestransportforskrifta § 4, kan løyvestyresmakta med heimel i § 5 setje nærare vilkår for løyvet.

Det er også eit vilkår at rettkjend kopi av ruteløyvet skal oppbevarast i fartøyet og visast fram ved ein eventuell kontroll, jamfør føresegnene om kontrolldokument i yrkestransportforskrifta § 13.

Dersom fylkeskommunen på eit seinare tidspunkt finn det naudsynt med fleire vilkår eller at det er trong for å endre nokon av vilkåra vedteke i denne saka, kan dette gjerast med heimel i yrkestransportforskrifta § 5.

5. Konklusjon

Fylkesdirektøren har ikkje merknader til at Lustrabaatane AS får ruteløyve på strekninga Lærdal – Frønningen – Gudvangen – Flåm.

Operatør må sjølv gjere avtale om bruk av kaiane.